Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
24/15241-24
Sakshandsamar
Ben Ståle Leirvåg

Saksgang	**Møtedato**
Yrkesopplæringsnemnda	04.11.2026
Hovedutvalg for næring, industri og klima	10.11.2026
Hovedutvalg for utdanning, folkehelse og tannhelse	11.11.2026

Sluttrapport prosjektet Brua

Innstilling frå fylkesdirektøren
Saka tas til orientering.

Bakgrunn og saksgang
Prosjektet Brua er no sluttført. Vedlagt er sluttrapporten.

Sluttrapporten blir lagd fram til orientering i yrkesopplæringsnemnda, hovudutval for næring, industri og klima og hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse.

Saksopplysningar
Vestfold og Telemark fylkeskommuner og NAV Vestfold og Telemark har gjennom prosjektet **Samarbeidsmodellen BRUA** vidareutvikla samarbeidet om fag- og yrkesopplæring for aktuelle kandidatar. Prosjektet har hatt som mål å gjere det enklare for kandidatar som er registrert i NAV å komme i gang med, gjennomføre og fullføre fag- og yrkesopplæring. Det har særleg vore arbeidet med å styrkje kjennskapen til kvarandre innan ansvar og verkemiddel, etablere tydelege kontaktpunkt og utvikle ei arbeidsform der fleire aktørar samarbeider rundt kandidaten ved behov.

Prosjektperioden er no avslutta, og arbeidsforma som er utvikla gjennom BRUA er implementert i ordinær drift. For detaljer sjå vedlagt sluttrapport.

Kva har BRUA bidrege til?
Gjennom prosjektperioden er det mottatt om lag 400 førespurnader frå NAV, fagopplæringa, samarbeidsorgan, oppfølgingstenesta, helsetenester og kandidatar. Førespurnadene har dreidd seg om:

- Rettleiing om moglegheiter innan fag- og yrkesopplæring.
- Kartlegging av tidlegare opplæring og kompetanse.

- Korleis kandidatar kan komme raskare i gang med utdanning.
- Førebygging av avbrot og fråfall.
- Avklaringar av ansvar mellom NAV og fylkeskommunen.
- Koordinering av fleire aktørar rundt kvar enkelt kandidat.

Erfaringane viser at tett og koordinert samarbeid gir betre føresetnader for at kandidatar kjem vidare i opplæringa og fullfører.

I fleire saker er det etablerte tverrfaglege «lag» rundt kandidaten der NAV, fylkeskommunen, samarbeidsorgan, lærebedrift og andre relevante aktørar har samarbeidd for å løyse saka. Dette har bidrege til å hindre fråfall, finne nye læreplassar og støtte kandidatar fram mot fagbrev. Frå hausten 2026 er arbeidet ein del av ordinær drift. Det inneber at sentrale element frå prosjektet blir vidareførte:

- **Rettleiingstenesta:** NAV-rettleiar og kandidat kan ta direkte kontakt med fylkeskommunen for rettleiing og kartlegging av moglegheiter innan vidaregåande opplæring for vaksne.
- **Laget rundt kandidaten:** Ved risiko for fråfall eller ved avbrot kan relevante aktørar samlast rundt kandidaten for å finne løysingar og sikre koordinert oppfølging fram til fullføring. Dette kan også gjelde ved oppstart av eit opplæringsløp. Det skal vere ein som held i «stafettpinnen» fram til mål.
- **Kontaktpersonar i NAV og fylkeskommunen:** Kontaktpersonane skal bidra til rask kontakt mellom forvaltningsnivåa, koordinering, kompetanseheving og utvikling av felles møteplassar.

Prosjektet har vist at det framleis er behov for å styrkje kompetansen om fag- og yrkesopplæring, auke kjennskapen til verkemiddel og sikre tydeleg koordinering rundt kandidatar. Vidareføring av BRUA i ordinær drift skal derfor bidra til at samarbeidet mellom NAV og fylkeskommunen blir meir systematisk, tilgjengeleg og heilskapleg. Målet er at fleire skal kunne gjennomføre vidaregåande opplæring og oppnå fag- eller yrkeskompetanse, og dermed få ein meir stabil og varig tilknyting til arbeidslivet.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Prosjektet er no overlate til drift. Telemark fylkeskommunen vil framleis bruke noko tid til samarbeidet, men dette blir handtert innan gjeldande rammar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Prosjektet «Samarbeidsmodellen BRUA» kan gi gevinstar knytte til FNs bærekraftsmål:

- Nr 3: God helse og livskvalitet
- Nr 4: God utdanning
- Nr 10: Mindre ulikskap
- Nr 17: Samarbeid for å nå måla

Fylkesdirektørens vurdering
Fylkesdirektøren vurderer at BRUA har bidrege til å styrkje samarbeidet mellom NAV og fylkeskommunen, og gitt betre føresetnader for heilskapleg oppfølging av kandidatar.

Prosjektet har vist at tydelege kontaktpunkt og samarbeid på tvers av sektorane kan bidra til raskare avklaringar, betre bruk av tilgjengelege verkemiddel og auka moglegheit for gjennomføring. Fylkesdirektøren har derfor tatt arbeidsforma som er utvikla gjennom BRUA inn i drifta, og vil sjå til at den vidareutviklast som ein del av samarbeidet med NAV.

Vedlegg:
Sluttapport BRUA-modellen